

Hyllestad
kommune

Kommuneplan samfunnsdel for Hyllestad 2018 – 2030



Innhald

1. Føremål med planen og bakteppet	4
2. Mål for arbeidet med ny kommuneplan samfunnsdel	5
3. Sentrale utfordringar	6
3.1 Visjon og overordna målsetting	6
4. Prioriterte tema i kommuneplanen	7
4.1 Hyllestad som samfunn	7
4.1.1 Sentrumsutvikling/tettstaddanning	7
4.1.2 Bustadbygging	9
4.1.3 Natur, miljø og folkehelse	9
4.1.4 Kultur, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	10
4.1.5 Klima, risiko og sårbarheit	11
4.1.6 Infrastruktur	13
4.1.7 Verdiskaping	15
4.2 Hyllestad kommune som organisasjon	17
4.2.1 Oppvekst	17
4.2.2 Vaksenopplæring og flyktingteneste	19
4.2.3 Helse og omsorg	20
4.2.4 Tekniske tenester	22
4.3 Føringer for utarbeiding av arealdelen	23
5. Kommuneplanprosessen	25
5.1 Informasjon og kommunikasjon	25
5.2 Organisering og medverknad i kommuneplanarbeidet	25
5.3 Samråd med overordna og regionale mynde	26
5.4 Samråd med nabokommunar	26
5.5 Temamøte	26
5.6 Framdrift	26
Vedlegg 1 – Rammer for planarbeidet	29
1 Føring i planstrategien	29
2 Føringer frå planprogrammet	29
3 Nasjonale og regionale føringer	29
Vedlegg 2 - Kva lovkrav er det til ein kommuneplan?	30
2.1 Føremålet med kommuneplanen	30
2.2 Lovgrunnlaget	30
Vedlegg 3 – Plan- og styringssystemet til kommunen	32
3.1 Innleiing	32

3.2	Planhierarkiet	32
	Vedlegg 4 - Kunnskapsgrunnlaget	33
4.1	Innleiing	33
4.2	Samfunnsanalyse	33
4.3	Klima	33
4.4	Folkehelse	33
4.5	ROS - analyse	33

1. Føremål med planen og bakteppet

Kommuneplanen for Hyllestad kommune er det overordna styringsdokumentet for ei ønska samfunnsutvikling i Hyllestad. Kommuneplanen er ein reiskap for korleis kommunen og dei mange aktørane innanfor og utanfor kommunen kan møte dei utfordringane og behova kommunen har i dag, og for korleis vi skal møte nye og endra utfordringar i eit langsiktig perspektiv.

Hyllestad kommune er under press. Både grunna den demografiske utviklinga med negativ folketalsutvikling, ubalanse mellom kjønna, aukande tal eldre og færre unge og unge vaksne, men og gjennom nye og store utfordringar frå storsamfunnet. Det vert forventa at Hyllestad tek sin del av dei klimaomstillingane samfunnet må inn i. Vi må bidra til å løyse utfordringane innan ulike område saman med nabokommunar, region og nasjonale aktørar. Lokalt vil dette krevje eit tett samarbeid og relasjonar mellom det offentlege, privat næringsliv og sivil sektor gjennom lag/organisasjonar og einskildpersonar.

Kommuneplanen set mål for åra framover og peikar på strategiar som er særleg viktig å nytte dei neste åra for at utviklinga skal gå i den retninga vi ynskjer. Måla og strategiane er bindande for kommunen, men vil og være retningsgivande for regionale og nasjonale samarbeidsaktørar. Lokalt skal måla og strategiane bidra til at ulike aktørar utviklar eigne tiltak som gjer at vi saman i større grad kan lukkast i arbeidet med å nå måla.

Av di samfunnet er under stadig endring er det viktig å gje retning for ei langsiktig yngst retning for kommunen, samtidig som vi ikkje låser oss til langsiktige strategiar og handlingar, men kan endre desse dynamisk i høve samfunnsendringar og trendar vi må ta omsyn til.

Ein viktig del av arbeidet med denne kommuneplanen har vore å få ei felles forståing av dei viktigaste utfordringane og kva for prioriteringar vi må gjere dei næraste åra for å gå i same retning. Vi veit at vi ikkje fullt ut kan planlegge framtida, men at vi gjennom planen kan bidra til å prioritere tiltak vi trur gir best effekt og fører oss i ei yngst retning.

Den store utfordringa i denne planperioden er:

- Folketalsutviklinga og dei demografiske konsekvensane av dette.

I planarbeidet er utfordringane vurdert ut i frå eit lokalt perspektiv, men og ut frå å sjå Hyllestad som del av ein større region og i eit større landskap for å skape ei positiv utvikling.

2. Mål for arbeidet med ny kommuneplan samfunnsdel

Kommuneplanen skal være førende for å forstå kommunen si rolle både i høve tenesteproduksjon, forvaltning og samfunnsutvikling. Planen skal gi retning for arbeidet innan dei ulike tenesteområda i kommunen, og for andre offentlege og private aktørar. Dette skal skje ved at ein i planarbeidet har satt følgjande mål:

- Gje strategisk retning for samfunnsutviklinga
- Mobilisere ulike aktørar med ressursar til handling
- Samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk

Kommuneplanen har følgjande mål:

- Konkretisere visjonar, mål og strategiar for Hyllestad fram mot 2030
- Konkretisere føringar for utarbeiding av arealdelen
- Utarbeide eit handlingsprogram for dei fyrste åra i planen
- Mobilisere næringsliv og det sivile samfunn til deltaking for å medverke i å verkeleggjere måla.
- Mobilisere og involvere sentrale og regionale aktørar og nabokommunane for å nytte verkemidla på ein god og utviklingsorientert måte for å nå måla i kommuneplanen.
- Skape forståing hjå nabokommunane om utfordringane til Hyllestad for å skape alliansar for gjennomføring av tiltak

Å gje strategisk retning betyr:

- Avdekke og skape konsensus om utfordringane i kommunen
- Etablere felles mål
- Prioritere og ta val om strategisk retning for utviklinga – med bakgrunn i regionale og lokale tilhøve
- Forankre prioriteringane hjå alle relevante aktørar
- Å vise samanhengane mellom samfunns- og arealplanlegging

Mobilisere ulike aktørar med ressursar betyr:

- Engasjere aktørar med ressursar til deltaking – privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn
- Etablere mobiliserande prosessar i folkesetnaden
- Stimulere til samarbeid, etablere arenaer og møteplassar
- Ta i bruk insentiver som stimulerer til samarbeid

Samordne og koordinere offentleg innsats betyr:

- Samordne og forplikte ulike sektormyndede
- Samordne eigne sektorar og planar
- Fungere som bindeledd mellom forvaltningsnivå for å skape positiv endring lokalt

3. Sentrale utfordringar

Gjennom vedtak av den kommunale planstrategien, og i arbeidet med planprogrammet til kommuneplanen, vart det peika på at dei største utfordringane for Hyllestad er knytt til folketalsutviklinga og den demografiske utviklinga. Folketalsutviklinga rører ved heile det økonomiske fundamentet for å kunne gje gode tenester til innbyggjarane, og reduserer det sosiale livet i kommunen. Samtidig kan demografien med størst auke i aldersgruppa +70, gje auka kostnader på helse- og omsorgstenesta. For næringslivet vil den negativ folketalsutviklinga, særleg reduksjon i aldersgruppa 29 – 60, redusere deira evne til å skaffe nok og kompetent arbeidskraft.

Meir detaljert kunnskap om dette ligg i kunnskapsgrunnlaget som er sett saman av ulike rapportar og analysar knytt til ulike tema.

I plandokumentet er det sett opp konkrete mål for utviklinga, der vi samtidig har konkretisert strategiar og moglege tiltak som vi trur kan føre oss i den retninga vi ynskjer. I drøftinga av mål, strategiar og tiltak, er det tatt utgangspunkt i dei spørsmåla og problemstillingane som vart reist i planprogrammet. Gjennom den politiske prosessen er det lagt vekt på at vi må få fram tydelege strategiar for område der vi sjølv har mynde og ressursar til å skape ei endring. Kommuneplanen må ikkje bli ei ynskeliste utan fotfeste i realitetane.

For å forstå kva som ligg i hovudutfordringa og dei elementa som ser ut til å ha påverknad på utviklinga har vi gjort ei nærare men kortfatta omtale av dei viktige elementa i den:

- Folketalsutviklinga. Nedgangen i folketallet i seg sjølv skapar problem avdi den er avgjerande for kommuneøkonomien og dei tenestene kommunen kan levere. Men demografien med fleire eldre og færre unge/unge vaksne skapar i tillegg utfordringar i forhold til rekruttering til organisasjonar og næringsliv og svekkar bærekrafta i kommunen.
- Bustadattraktivitet. Kommunen har svak bustadattraktivitet som viser seg i negativ netto innanlandsk flytting og at kommunen er ein netto innpendlingskommune.
- Infrastruktur/vegstandar. Vegstandarden aukar unødige avstandane mellom folk og tenester og gjev svakare konkurransekraft for næringslivet.
- Kvinneunderskot. Dette kan ha sin årsak i type næringsliv, arbeidsplassar, men og i manglande urbane kvalitetar som kvinner søker til i større grad enn menn. Kvinner er og meir opptatt av infrastruktur som gjer kvardagsorganiseringa enklare.
- Mangel på eit sentrum og tettstaddanning. Hyllestad er den einaste kommunen i fylket utan eit område som er så tett busett at det kjem innanfor SSB sin definisjon av ein tettstad. Ut frå trendar i flyttemønster og bustadmønster kan dette være ein viktig faktor som gjev lågare bustadattraktivitet og færre tilbod med urbane kvalitetar.

3.1 Visjon og overordna målsetting

Visjon: Hyllestad kommune- inkluderande og attraktiv.

Dersom vi kan einast om og arbeide for ein felles visjon for framtida kan vi oppnå positiv folketalsutvikling, vekst i næringslivet og ein god kvardag som engasjerer alle aldersgrupper.

Overordna målsettingar :

- Utviklingsorientert - raus - aktiv

- Hyllestad kommune skal ha positiv folketalsvekst.
- Hyllestad kommune skal sikre gode oppvekstvilkår og læremiljø for born i barnehage og skule
- Hyllestad kommune skal ha vekst i næringslivet.
- Hyllestad kommune skal vere ein god og trygg stad å bu for alle
- Hyllestad kommune skal vere ein veldriven organisasjon som yte raske og gode tenester
- Hyllestad kommune skal medverke til reduserte klimagassutslepp innan arealbruk og transport, bustadar og avfall

Folkehelse:

- Sikre sunne og trygge oppvekstmiljø
- Hindre aukande sosioøkonomiske skilnader og fattigdom
- Heilskapleg strategi for å møte trongen for helse-, pleie og omsorgstenester i framtida

Målretta folkehelsesatsing og førebyggjande helsetenester vil vere særskilt viktig bidrag for å fremje god helse blant innbyggjarane.

4. Prioriterte tema i kommuneplanen

For dei einskilde tema er det i sjølve planen gitt ei kort gjennomgang av temaet, mens meir informasjon i djupna vil ligge i kunnskapsgrunnlaget som blir eige vedlegg til planen. Tema i planen er delt i to:

- Tema knytt til samfunnsutviklinga i kommunen
- Tema knytt til den kommunale tenesteproduksjonen.

Ved å ta med begge desse perspektiva i kommuneplanen kan den bli eit felles styringsverktøy for både utvikling og tenesteproduksjon.

Mange problemstillingar heng i hop på tvers av tema. I planen er det gjort ei vurdering av dette, og plassert problemstillingane der vi meiner dei mest naturleg høyrer til i høve verkemidla til å gjere noko med det.

4.1 Hyllestad som samfunn

4.1.1 Sentrumsutvikling/tettstaddanning

Omtale/vurdering av situasjonen

Hyllestad har i dag ingen område som etter definisjonen er tettbygd. For å styrke busetnad og attraktiviteten til Hyllestad er det behov for å utvikle eit levande og sterkare sentrum i Hyllestad. Det er gjort politiske vedtak om å satse på Hyllestad sentrum som staden for å vidareutvikle busetnad, fritidsaktivitetar, skule og barnehage. Arbeidet bør omfatte arealet heilt frå fjorden til Kvernsteinsparken, og ha med seg behovet for turvegar i nærområde. Planperioden må vi nytte til å verkeleggjere dette.

Parallelt med satsinga på Hyllestad sentrum er det viktig å ha alternative strategiar slik at det vert mogleg for dei som har spesielle preferansar til å kunne realisere desse.

Det er og viktig at det vert jobba med heilskaplege planar for utviklinga i Sørbøvåg og Leirvik, slik at desse kan utvikle seg ut frå dei premissane som ligg føre.

Hyllestad har i dag få og avgrensa møteplassar. Hotel Sognefjord er den einaste uformelle møtestaden på kveldstid, med restaurant som er open. Elles er møtestadane i stor grad knytt til fritidsaktivitetar eller organisasjonsaktivitetar.

Det er behov for fleire uformelle møtestader og fleire sosiale aktivitetar som ikkje er konkurranserelatert.

Hyllestad har i dag få og avgrensa møteplassar. Hotel Sognefjord er den einaste uformelle møtestaden på kveldstid, med restaurant som er open. Elles er møtestadane i stor grad knytt til fritidsaktivitetar eller organisasjonsaktivitetar.

Det er difor behov for fleire uformelle møtestader og fleire sosiale aktivitetar som ikkje er konkurranserelatert.

Lite skuletilbod og lite variert jobbtillbod gjer det utfordrande å behalde ungdommen. Å behalde vidaregåande skuletilbodet ein har i dag er veldig viktig og då må vidareutviklast for å gjere det meir attraktivt å bli verande.

Etablere smågrupper med ulike aktivitetar utan bindande møteplassar og med betre formidling for å gjere det kjent for alle. Behov for medium med oversyn over alt av tilbod, aktivitetar, kultur og tenester. Aktiv bruk av heimesida til kommunen er viktig. Openheit for ulike kulturar og eit inkluderande samfunn er viktig for å behalde både etablerte og tilflyttarar i kommunen. Viktig å skapa engasjement og inkludere. God introduksjon for tilflyttarar er veldig viktig og er ikkje god nok i dag.

Mål

- Hyllestad sentrum er styrka som felles sentrumsområde i kommunen
- Det er etablerte sentrumsnære turveggar
- Lett tilgang til oversikt over tilbod, tenester og aktivitetar i kommunen

Strategiar

- Prioritere utvikling av Hyllestad som ein tettstad med breidde i offentlege tilbod, privat tenesteyting og møteplassar.
- Bruke områdereguleringsplan som verktøy for å styrke busetnad gjennom attraktive tomter, styrke område for nærfridtsaktivitetar, og areal for tenesteytande næringar og andre næringar som kan skape vekselverknad med busetnadsmønsteret.
- Konkretisere kva for urbane kvalitetar som er viktig for Hyllestad
- Aktiv og heilskapleg politikk for å utvikle kommunen gjennom gode levande bygder
- Søke etter fellesfunksjonar og gode opne felles møteplassar i samband med ny fleirbrukshall
- Arealplanen skal gje retningsliner for spredt bygging i tilknytning til stadbunden næring og der det alt er spreidd utbygd.
- Etablering av nye bustadtomter må henge i hop med kultur, møtestader, attraktivitet
- Legge til rette for fritidsbustadar som kan støtte opp om sentrumsdanning
- Styrke utviklinga og gjennom å ta i bruk samordna areal- og transportplanlegging i dei største grendene

4.1.2 Bustadbygging

Omtale/vurdering av situasjonen

Det er lite tilgjengelege bustadhus på marknaden i kommunen. Det er behov for meir nybygging, men og å sikre at eksisterande hus og gardsbruk i større grad vert tatt i bruk.

For å betre bustadattraktiviteten og styrke busetnad i kommunen, er hovudstrategien å legge opp til fortetting i og rundt Hyllestad sentrum. Kommunen har og fleire regulerte område for fritidsbyggubustader. Det kan være ein strategi å styrke busetnaden ved å få fleire til å bygge hytter i kommunen. Hyttebygging styrkar arbeidsplassar, servicenæringar og tenesteyting.

Bustadmarknaden i kommunen fungerer berre delvis av seg sjølv. Det er behov for å stimulere busetnaden gjennom aktiv kommunal deltaking, både i å sikre husvære for ulike type brukarar, men og generelt til bustadbygging i offentleg eller privat regi.

Ein har sett ein auka trend i samfunnet med ynskje ifrå dei eldre på å flytte ifrå store gardsbruk/einebustader inn til vedlikehaldsfrie og universelt utforma bustader i urbane strøk. Dette kan potensielt løyse ut ledige eigedommar for nyetablerarar i kommunen.

Kommunen må ha ei positiv haldning til all privat bustadbygging i heile kommunen. Dette som tillegg til ei målretta satsing på kommunal bustadutvikling i Hyllestad sentrum.

Mål

- Styrke tal bustadar med 15 nye på ein 4 års periode
- Styrka busetnad i sentrumsområda
- Oppnå auka bustadbygging i heile kommunen

Strategiar

- Prioritere utarbeiding av reguleringsplanar der ein ynskjer busetnad
- I samband med kommuneplanen arealdel, opne opp for bustader i spreidd bebyggelse samt fritidsbustadar som vidare kan styrke busetnaden
- Viderutvikla ulike buformer i tilknytning til sjukeheimen Eiklund.
- Marknadsføre regulerte tomter for fritidsbustadar i område der desse kan bidra til å styrke fast busetnad
- Marknadsføre ledige regulerte bustadtomter

4.1.3 Natur, miljø og folkehelse

Omtale/vurdering av situasjonen

Hyllestad har mykje flott natur, både vill natur og tilrettelagt natur for opplevingar. Verdien av natur og at det er mogleg å ferdast i natur som ikkje er prega av fysiske inngrep eller ureining, aukar år for år. Hyllestad har ein unik moglegheit til å ta vare på urørt natur og hindre ureining av areal og vassdrag. Dette må prege krav til utbyggingar, men og til å gjere noko med moglege kjelder til ureining. Det biologiske mangfaldet i kommunen har vore registrert, men framleis er det store deler av kommunen som endå ikkje er kartlagt. Av spesielle naturlokalitetar verna av naturmangfaldlova i kommunen ein Sakrisøyna, ønaholmane, Skorvassdraget, Aksevatnet, Rønset.

Ifølge Folkehelseprofilen 2016 ligg kommunen på landsgjennomsnittet, men kjem dårleg ut på hjarte og karsjukdommar som vert viktig å fokusere på i framtida. Kommunen har ikkje eiga stilling som

folkehelsekoordinator, og dei ulike målsettingane for folkehelse vert derfor utarbeida gjennom planen i sin heilheit.

Mål

- Kommunen har gode og merka turløyper nær bustadområda i Hyllestad sentrum, Sørbøvåg og Leirvik
- Det er etablert fleire nye båthamner for fritidsbåtar
- Hyllestad er under landsgjennomsnittet for indikatorar for førekomst av hjarte-/karsjukdomar i befolkninga
- Vassførekomst (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) skal nå miljømåla som er satt i den regionale vassforvaltingsplanen.
- Naturmangfaldet må takast vare på og ein må gjennom all planlegging ta omsyn til det og unngå nedbygging av viktige lokalitetar og artar

Strategiar

- Det skal systematisk arbeidast for å redusere arealavrenning og punktutslepp frå landbruket.
- Det skal systematisk arbeidast for å redusere utslepp frå industri og fiskeoppdrett.
- Ha tydeleg fokus på eit reint miljø og i samband med næringsutvikling med føreseielege rammer, både på land og i sjø.
- Delta aktivt i det regionale arbeidet med vassforvaltning
- Styrke informasjonen til den vaksne folkesetnaden om hjarte kar sjukdomar og førebyggjande aktivitetar
- Lære ungdom til å bruke og ta vare på naturen og naturressursane
- Det skal utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse for heile kommunen.

4.1.4 Kultur, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Omtale/vurdering av situasjonen

Den **kulturelle grunnmuren** er den kulturelle infrastrukturen som gir heile folket tilgang til kunst- og kulturfagleg kompetanse, deltaking og oppleving. Kulturutredninga 2014 ser på kunst- og kulturfag i opplæringa, kommunalt og frivillig fritidstilbod og lokalsamfunnet sine kulturelle arenaer, som hjørnesteinar i den kulturelle grunnmuren. Samstundes peika utgreiinga på at biblioteka, kulturskulen og ungdomsklubbane har sakka akterut. Utgreiinga tek difor til orde for eit lokalt kulturløft.

I planprogrammet til regional plan for kultur 2019-2022, så inkluderer Fylkeskommunen idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som ein del av planen. Omgrepet kultur er dermed meir vidtfemjande enn kva folk flest tenkjer på. Det handlar om det aller meste vi fyller fritida vår med, og som igjen påverkar livskvaliteten for oss alle.

I Hyllestad har vi eit aktivt organisasjonsliv, vi har eit folkebibliotek som har teke si rolle som møteplass og formidlings- og debattarena på alvor, og vi har ein kulturskule med eit breitt tilbod og mange brukarar. Det er også eit unikt tilbod med Kvernsteinsparken og Kvernsteinsenteret som formidlar kvernsteinens historie. For ein utkantkommune er det særleg viktig å vere bevisst på det å kunne gje heile folket tilgang på kultur. Ordningar med den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken bidreg til at innbyggjarar i Hyllestad får oppleve kunst og kultur av profesjonelle

utøvarar, utan at ein må reise til Førde eller andre byar. Opplevingar er ein del av kulturfeltet, men like viktig er det at alle skal ha høve til å delta i og bidra til kulturaktivitetar.

Det overordna målet er at kulturfeltet skal bidra til å skape eit godt lokalsamfunn i kommunen.

Mål

- Fleirbrukshallen er den naturlege møtearenaen ved større samlingar for heile kommunen
- Kvernsteinsparken skal i enda større grad vere ein sentral samfunnsarena og sosial møtestad enn i dag.
- Biblioteket skal vere ein arena for kulturopplevingar
- Hyllestad skal vere ein attraktiv friluftskommune
- Hyllestad kommune skal legge til rette for fysisk aktivitet og idrett for alle
- Hyllestad kommune skal legge til rette for kultur for alle

Strategiar

- Styrke samarbeidet mellom frivillig sektor og det offentlege
- Ta i bruk den kommunale kulturminneplanen til å styrke kunnskapen om kulturverdiane i kommunen
- Formidling av kulturuttrykk innan kunst, musikk, dans, teater, historie gjennom kulturskulen, biblioteket og engasjerte lag og organisasjonar
- Tilrettelegging for fysisk aktivitet og idrett gjennom å utvikle idrettsanlegget i Hyllestad sentrum
- Bruke ordningane med den kulturelle skulesekken/spaserstokken
- Styrke samarbeidet mellom ulike kulturaktørar i og utanom kommunen
- Støtte utviklingsplanane for Kvernsteinsparken for å etablere eit profesjonelt og berekraftig museum

4.1.5 Klima, risiko og sårbarheit

Omtale/vurdering av situasjonen

I eit klimaomstillingsperspektiv er auka produksjon av fornybar energi ikkje løysinga åleine. Energiforbruket må ned, og vi må effektivisere bruken av energi. Vi må og sjå heilskapleg på nye etablering av energianlegg av di dei i seg sjølv gjer inngrep i naturen, og kan føre til store negative verknadar på miljøet og tap av biologisk mangfald.

Basert på den overordna ROS-analysa for kommunen, ser ein spesielt tre klimaendringar som vil kunne påverke samfunnstryggleiken:

- auka nedbør gjev større risiko for vegstengingar på grunn av ras eller vekkrenning
- auka havnivå truar sjønær bebyggelse og infrastruktur
- ekstremvær som truar spesielt straum- og telenettet.

Å ta omsyn til klimasårbarheit i arealplanlegginga er derfor eit viktig grep, men det er ei utfordring både økonomisk og teknisk. Næringslivet i Hyllestad er stadbunden og må utvikle seg i stor grad der dei naturgjevne tilhøva er best. For andre deler av samfunnet som skular, barnehagar, bustadar og tenesteytande næringar kan desse i større grad bli samordna. Gjennom samordning av areal til bustad og offentleg verksemd og tenesteyting, kan Hyllestad ta grep for å styrke busetnaden i Hyllestad sentrum, men tilhøyrande skular og barnehagar, og samtidig minske behovet for transport i det daglege.

Forbruket av varer er ei stor klimautfordring. Forbrukaren sin kunnskap og lyst til å velge klimavenlege produkt og tenester er viktig, og for næringslivet. Det handlar både om kunnskap, interesse og holdning hjå den private forbrukar, samt korleis det offentlege sett opp anbod, minstekrav og miljøkrav. Hovudutfordringa å endre forbruksmønsteret er særleg knytt til innkjøp, forbruk og avfall. Den største effekten på innbyggjarane sitt private klimafotavtrykk kan oppnåast ved å endre forbruksmønster knytt til «biff, bil og bustad». Som samfunnsutviklar og arbeidsplass kan kommunen gå føre med gode døme for auka medvit om og praktisering av eit klimavenleg forbruksmønster. Også gjennom store innkjøp kan kommunen påverke etterspørsel ved å stille strenge krav til leverandør.

Når det gjeld klimatilpassing er desse knytt til å redusere samfunnet sin sårbarheit. For å handtere det krevst det kompetanse, kapasitet og økonomiske ressursar i kommunane, både hjå dei private og kommunalt tilsette. I planlegging og bygging av ny infrastruktur er det ei utfordring å dimensjonere til framtidig og noverande klimaendringar. Avfall kan nyttast som råstoff for nye produkt og tenester, dersom vi jobbar med å bruke om avfallet eller gjenvinne materiala. Ressurseffektiv avfallshandtering vert difor viktig. Oppvekstsektoren har ei viktig rolle i utdanning av ein nullutsløppsgenerasjon. Gjennom heile utdanningsløpet frå barnehage til vidaregåande opplæring og høgare utdanning, må vi ha tilgjengelege faglege ressursar til denne utdanninga/opplæringa. I det grønne skiftet har kunnskap og kommunikasjon ei viktig rolle, men klimakunnskap kan ikkje åleine endre samfunnet. Utfordringa ligg i å legge til rette for handling gjennom handlingskunnskap og handlingsrom. For folk flest krev endringar av åtfærd at klimavenlege val er enkle og tilgjengelege.

Mål

- Innan 2020 skal Hyllestad ha tilgjengelege ladestasjonar som gjer det praktisk å nytte el-bil i heile kommunen.
- Kommunen skal bidra til å redusere forbruk av fossilt brensel knytt til transport på veg, ved å gå over til tenestebilar med ny teknologi utan bruk av fossilt brensel
- Framtidsretta avfallshandtering i SUM IKS
- God klimavenleg tilgjenge for alle
- Ein oppdatert overordna ROS-analyse som til ei kvar tid gjev oss oversyn over risikofaktorane i hyllestad-samfunnet

Strategiar

- Lære ungdom til å bruke og ta vare på naturen og naturressursane
- Bygging av større hus/bygg i kommunal regi skal skje ved bruk av heiltre som hovudmaterial
- Bygge ut infrastruktur som gjer det lettare å ta gode klimaval.
- Samarbeide med leverandørar av hurtiglادestasjonar.
- Vurdere risiko for negative sumeffektar av fleire enkeltståande prosjekt, samt å legge vekt på fordelane og konsekvensar globalt, regionalt og lokalt i eit heilskapleg perspektiv.
- Støtte miljøorganisasjonar som fremjar klimavenleg forbruk og driv påverknad for å endre forbruksmønsteret vi har i dag.
- Etablere kommunale regelverket for anbod der miljøkrav og klima er grunnleggande premissar.
- Kommunen skal delta aktivt i kommunikasjon med kompetansemiljø for å utveksle og utvikle ny kunnskap om klima
- Stimulere SUM IKS til vidareutvikling av avfallshandteringa
- Stimulere til ENØK-tiltak på privat bustad og næring
- Klimatilpassing skal vere sentral i all arealplanlegging.

- Ha oppdaterte planar for samfunnstryggleik og beredskap, som byggjer på dei risikofaktorane som den overordna ROS-analysen vår peikar på.
- Forankra arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap politisk

4.1.6 Infrastruktur

Omtale/vurdering av situasjonen

Når det gjeld areal og transport er hovudutfordringa to-delt:

- Å bygge ut ein infrastruktur på veg og breiband/tele som reduserer avstands- og kommunikasjonsulempene, og styrkar konkurransekrafta
- å legge til rette for ei areal – og transportplanlegging som både bidreg til å redusere klimagassutsleppa i kommunen, men også gjer oss godt nok budd på dagens og framtida sine klimautfordringar.

For å redusere biltrafikken, kan kommunen bidra til å auke gang og bruk av sykkel. Det er store avstandar i kommunen, men fordelene er at det stort sett er bare vegar heile året. Ved å konsentrere seg primært om nybygg av bustadar der det er mest konsentrasjon frå før, vil gjere det lettare å gå og nytte sykkel som del av kvardagen. Bruk av el-sykkel aukar og den einskilde sin rekkevidde på sykkel.

Bilen vil være hovudframkomstmiddelet i Hyllestad i overskueleg framtid, grunna den spreidde busetnaden. Det største bidraget vi kan bidra med ligg då på å effektivisere drifta slik at transportmengda vert redusert, men og på å redusere utsleppa ved å legge til rette for å bruk av køyretøy med låg - og nullutslepp. Hyllestad som sentrum bør bli eit meir samla lokalsamfunn for å stimulera til fleire urbane kvalitetar.

Digital infrastruktur er viktigare enn nokon gong. Nettverks- og datakommunikasjon er ei hovudpulsåre for drifta i alle typar verksemder. Digitalisering aukar behovet for kritisk infrastruktur. Me er sårbare i høve til mobildekning og har områder heilt utan i kommunen. Det må på plass grunnleggjande infrastruktur i heile kommunen om me skal kunne ta i bruk innovasjonar, velferdteknologi og fylgje med i digitaliseringa.

Mål

- Det er full dekking med breiband (fiberkvalitet) og mobildekning i heile kommunen for all busetnad innan 2020.
- Betre høva for logistikk og persontransport i og ut av kommunen
- Sørgje for god standard på og langs dei kommunale- og fylkeskommunale vegane

Strategiar

- Prioritere tiltak for utbetring av flaskehalsar på veg som løyser ut behov til næringslivet og i tråd med prioriteringane hjå kommunestyret.
- Samarbeide med nabokommunar, organisasjonar og næringslivet om lokale prioriteringar for å få tiltaka inn i overordna styringsdokument
- Sette av årlege økonomiske ressursar til breibands- og teleutbygging.
- Ivareta og vidareutvikle kollektivtilbod og jobbe for at Rysjedalsvika skal være eit viktig kollektivt knutepunkt også i framtida.

- Omklassifisering av kommunale vegar til privat eller fylkesveg.
- Samarbeid mellom organisasjonar/grendelag/kommunen mot Helse Førde og Politi, for god beredskap (ambulanse, politi, responstid, oljevernberedskap + beredskap til sjøs)
- Ha ein tett dialog med næringslivet og innbyggjarar om behovet for kaier og tilkomst i fjordane med båt og ved bunkring.
- Påverke statens vegvesen om å styrke inn- og utfartsveg mellom kommunen og E39
- Stimulere til reduksjon av antall flaskehalsar på vegnettet

4.1.7 Verdiskaping

Omtale/vurdering av situasjonen

Hovudutfordringa knytt til det grønne skifte, er å legge til rette for å styrke og omstille det lokale næringslivet, så det kan føre til vekst for verksemdene i kommunen. For å få dette til må vi bygge kompetanse og nytte ressursar for klimaomstilling hjå både små og store bedrifter. Næringslivet må ha hjelp til å sjå kva konkurrensfortrinn det ligg i å tilby klimavenlege produkt og tenester. Det ligg ei utfordring i å sørge for at hjelpemiddelapparatet er i stand til å tilby den rette kompetansen og god rettleiing til alle bedrifter innanfor det grønne skiftet.

Det vert framleis viktig å utvikle eit berekraftig reiseliv, med vekt på naturopplevingar og kultur. For den einskilde reiselivsbedrift blir det viktig å arbeide vidare med å få miljøsertifisering.

Hyllestad har meir industri, meir landbruk og mindre tenesteyting enn gjennomsnittet i fylket og landet. Hyllestad er framleis ein industrikommune, ifølgje Statistisk Sentralbyrå sine tal, med hovudvekt på mekanisk industri. er den klart største arbeidsplassen er Havyard Ship Technology AS

Landbruket er framleis ein stor del av næringslivet i kommunen og vi må legge til rette for at næringa kan drive på ein meir klimavenleg måte, samt å tilpasse seg framtida sine klimautfordringar. Kombinasjon av klimautfordringane, sentralisering, folketalsauke og auka behov for mat gir utfordringar for forvaltning av jordbruksarealet.

I Hyllestad kommune er det viktig at ein satsar på lokaleigde bedrifter som ynskjer å satse lokalt med arbeidsplassutvikling i fokus og organisere framtidsretta næringsliv. Det er behov for meir heilskapeleg rekruttering med samarbeid mellom bedrifter for å auke attraktiviteten med eit felles nettverk.

Havbruksnæring – regionen/rød sone får ikkje vokse om ikkje innovasjonen er retta mot miljø. Næringa må jobbe for FOU(forskning og utvikling) konsesjon for oppdrettsanlegg. Havbruksfondet genererer inntekter til kommunen og lokalitetskapasitet registrert i Akvakulturregisteret er avgjerande for andel av midlane som kjem kommunen til gode. Vi må difor vere aktivt med i kystzoneplanlegging og bidra til å utløyse meir areal for denne næringa. Denne kartlegginga vil også avklare konflikta med fiskerinæringa i kommunen og sikre det marine biologiske mangfaldet. Ved sist rullering i 2008 var det ingen registrerte fiskarar i kommunen. I 2018 har dette talet auka til 3 aktive yrkesfiskarar.

Vi har mange tilflyttarar og etablerte innbyggjarar med kompetanse og potensielle gründerar. Det må leggest til rette for satsing for gründerar i ulike bransjar og storleik.

Vi må ha målretta næringsutvikling for å peike ut det som er viktig og gir resultat. Vi må satse på lokale fortrinn og potensiale. Vi må våge å prioritere og spisse satsinga for betre utteljing.

Utvikling av berekraftig reiseliv med vekt på naturopplevingar og kultur må bli ei viktig satsing for kommunen. Med ein internasjonal framifrå geologi i Hyllestad/Ytre Sogn kvalifiserer regionen i følgje ekspertane til ein UNESCO Global Geopark som kan fungere som eit sentralt verkty for å auke reiselivet og ha ringverknader for næringslivet generelt. Å bli ein del av ein «UNESCO-region» vil bety eit løft for Hyllestad også med tanke på omdøme, marknadsføring, bustadattraktivitet og innbyggjaranes stoltheit over det unike landskapet

Auka satsing på nærbutikkane er viktig for næringsliv og busetnad. Nærbutikkane er kritisk viktige knutepunkt for å oppretthalde service og attraktivitet for lokalbefolkninga, som igjen er eit vesentleg bidrag til næringslivet og verdiskapinga. Ei slik satsing vil vere eit viktig steg i retning av å bremse opp og snu den negative folketalsutviklinga.

Mål

- Effektivt og kompetent næringsapparat som kan dekke behovet til næringslivet for utviklingsstøtte
- Aktivt forvalte og nytte det kommunale næringsfondet som eit verkemiddel i arbeidet for å styrke næringsliv og busetting i regionen. Dette skal skje gjennom nyskaping og innovasjon i eksisterande næringsliv og ved etablering av nye verksemder i regionen. Kvinner, ungdom og innvandrarak er ei prioritert målgruppe ved tildeling av midlar. Minimum 1 person i 50% stilling skal vere disponibel for oppgåver knytt til førstelinetenesta og kontaklinformasjon skal vere lett tilgjengeleg for målgruppa.
- Utviklingsorientert kommuneorganisasjon som sikrar god kopling mellom samfunnsutvikling og næringsutvikling
- Kommuneorganisasjon med fokus på næringsutvikling gjennom planar og handling
- Attraktive lokalsamfunn og godt fungerande bu-, arbeids- og serviceområde
- Eit velfungerande nettverk/møteplass for næringslivet
- Fleire og varierte arbeidsplassar
- Klare roller og eigarskap
- Behalde og vidareutvikle utdanningstilbod i regionen
- Attraktive lokasjonar for havbruk
- Hyllestad kommune skal bli del av ein framtidig UNESCO Global Geopark
- Betre inntening i reiselivsnæringa gjennom tilrettelegging for meir overnatting, tilrettelegging for heilårsturisme, samt bevaring/utvikling av Leirvik og Sørbovåg gjestehamn og nyutvikling av Hyllestad gjestehamn.
- Framtidsretta breiband for alle i kommunen
- Auka satsing på nærbutikkane
- Eit livskraftig og berekraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd

Strategiar

- Samarbeide med Hyllestad Næringsråd for forankring av arbeidet og sikre god rolleavklaring/ rollefordeling mellom partane
- Samarbeide med kommunane i HAFS for å finne område for felles utvikling og sikre utviklingspotensial på tvers av regionen
- Samarbeide med kommunane i HAFS for å vidareutvikle Kystparken
- Sterkt samarbeid mellom næringslivet, kommunen og det sivile samfunn
- Stimulere næringslivet til utvikling av arbeidsplassar
- Det kommunale næringsfondet skal nyttast til tiltak som fremjar næringsutvikling og busetting i kommunen, og må ha ein utløyande effekt for gjennomføringa. Kommunen har eigne retningsliner for bruk av fondet. Kommunen må ta omsyn til nasjonale- og fylkeskommunale føringar gitt mellom anna i gjennom regional planstrategi og verdiskapingsplanen med tilhøyrande handlingsplan.
- Utvikle breibandstilbodet i takt med føresetnadane
- Samarbeide om rekruttering mellom bedrifter og kommunen
- Skape oversikt over møteplassar og aktivitet i kommunen

- Støtte Dale som bu-, arbeids- og serviceområde
- Samarbeide for å behalde vidaregåande i Dale og Høyanger
- Utvide lokalitetskapasitet for havbruket og vere aktiv med i kystsoneplanlegging.
- Arbeida for fleire husdyr, som kan bidra til å halda kulturlandskapet ope
- Forvalta hjortebestanden på ein slik måte at den er på eit nivå som er berekraftig også for jord- og skogbruket
- Samle reiselivsnæringa jamleg for å kunne gripe fatt i aktuelle felles problemstillingar, og sjå særskilt på potensialet og arbeidet med å bli UNESCO-lista geopark.
- Støtte Sognefjorden Kystpark for vidareutvikling til UNESCO Global Geopark
- Samle havbruksnæringa og leverandørar jamleg for å arbeide med innovasjon, framtidige arealbehov og auka verdiskaping og sysselsetting lokalt
- Samarbeide med nærbutikkane om moglegheiter for å legge kommunale tenestetilbod og andre servicetilbod til nærbutikken. Elbil ladestasjonar bør på sikt etablerast i tilknytning til nærbutikkane for å kunne gi moglegheit for redusert utslipp jamt fordelt i kommunen.

4.2 Hyllestad kommune som organisasjon

Kommuneplanen er det strategiske førande dokumentet for alle sektorane i kommunen. For kvar sektor er det spesifikke føringar, som saman skal verke til at kommunen både vert drifta på ein god måte og er ein aktiv utviklingsaktør og mot samfunnet. For å ta i vare begge perspektiva er det nokre føringar som skal ligge til grunn for alle sektorane. Dette er:

- Sektorane skal ha system som sikrar likehandsaming
- Sektorane skal ha aktiv kunnskapsutvikling saman med nabokommunane og delta i nettverk som styrkar dette
- Sektorane skal føre vidare samarbeidet med SYS kommunane der dette er tenleg for utviklinga i Hyllestad
- Kommunen skal vere LEAN – kommune og arbeide målrette etter LEAN prinsipp og utvikle dette vidare
- Kommuneorganisasjonen skal vere utviklingsorientert og næringsvenleg

4.2.1 Oppvekst

Hyllestad kommune eig og driv tre skular og ein barnehage:

- Hyllestad barnehage
- Hyllestad skule - grunnskule og SFO
- Hyllestad opplæringscenter
- Hyllestad og Fjaler kulturskule

Hyllestad barnehage og Hyllestad skule skal gje barna ein god barndom med vekt på læring gjennom lek, trivsel og vennskap. Gjennom opplæringa skal borna gjerast trygge, og dei skal utvikle tru på eigne evner og ressursar. Born og unge skal vere med å medverke i kvardagen. Barnehagen og skulen skal vere inkluderande arenaer, der borna lærer å vise respekt og toleranse for andre menneske og alt levande. Med Kvernsteinsparken har Hyllestad kommune ein unik læringsarena som både skulen og barnehagen kan nytte seg av for å gjere undervisinga meir variert, handlings- og bevegingsorientert, samd å bidra til auka stadkjensle og identitet for heimstaden sin.

Barnehagen sin visjon; «**Eg kan, eg vil - saman får vi det til!**», formidlar at barn, foreldre, personale og barnehageeigar står saman og arbeider for barna sitt beste. Vi skal arbeide for å gjere kvarandre gode, slik at små og store blomstrar, utviklar seg og vert den beste versjonen av seg sjølv.

Skulen sin visjon; «**Gjere for å lære – saman i trivsel og tryggleik!**», formidlar at skulen legg vekt på å skape eit trygt og godt læringsmiljø, og at ein vektlegg læring gjennom praktisk arbeid både i og utanfor klasserommet.

*Hyllestad og Fjaler kulturskulen sin visjon er «**Vi utviklar kreative, leikande og inkluderande menneske**». Hovudsatsingsområdet til kulturskulen er samspel på mange plan: det er mellom elevar, mellom elevar og lærarar, mellom lærarar og det er mellom skulen og lokalsamfunnet.*

Hyllestad og Fjaler kulturskule er ein lovfesta del av det kommunale opplæringstilbodet. Kulturskulen høyrer til oppvekstsektoren, og kulturskuleleinga er ein fast del av leiargruppa.

Den lokale rammeplanen (vedteken 2017) inneheld konkrete tiltak, og vert rullert kvart 4. år.

Mål:

- at vi har eit kompetent engasjert personale som er i kontinuerleg utvikling
- at vi har ein barnehage med plass til alle som ønskjer barnehageplass
- at barnehagen er godt tilrettelagt for leik som stimulerer motorikk, fantasi og utforsking
- at vi saman med heimane arbeider til det beste for barnet/eleven
- at borna/elevane får medverke og kan påverke sin kvardag
- at vi har godt vedlikehalde og tiltalende barnehage- og skulebygg som er fleksible og rusta for framtida
- at dei fysiske rammene i skulen er gode for leik og læring
- at ein fokuserer på lokale verdiar som bidreg til at borna utviklar lokal identitet og kjenner at dei høyrer til i lokalsamfunnet
- Barnehagen og skulen nytta Kvernsteinsparken som læringsarena

Strategiar:

- utvikle og ta i bruk naturområde i nær tilknytning til barnehagen
- forbetre eksisterande barnehagebygg, og bygge på med ei ny avdeling
- inkludere foreldra i planlegging og ha fokus på dialog i møte med dei
- bruke rådsorgana aktivt i samarbeidet mellom barnehage/skule og heimane
- lage møteplassar for foreldre, barn/elevar og tilsette
- at barnehage og skule arbeider som lærande organisasjonar
- utvikle uteområde til skulen i samarbeid med rådsorgana, lag- og organisasjonar og Fylkeskommunen
- utvikle lokal identitet ved å bruke lokale særmerke som td; **natur** (friluftsliv med fjord og fjell), **lokalt næringsliv** (skipsbygging og maritim matproduksjon) og **Kvernsteinsparken** (unik lokal industrihistorie og geologi)
- **omdømmebygging** ved å fokusere på lokalhistorie og særmerke ved kommunen, men også alle dei positive tiltaka ein lakkast med
- skape kultur for framsnakking og at vi gjer kvarandre gode

4.2.2 Vaksenopplæring og flyktningteneste

Omtale/vurdering av situasjonen

Vaksenopplæringa og flyktningtenesta er organisert som ei eining og held til i gode lokale i Leirvik Senter. Det er utfordringar med usikkert elevgrunnlag og svært mangelfull kollektiv transport. Hyllestad har vore busetjingskommune for flyktningar sidan 2013, og vi har ein relativt stor del med arbeidsinnvandrarar i kommunen. Ved utgangen av 2017 var 14.1 % av innbyggjarane innvandrarar, der den desidert største gruppa kjem frå Polen.

Med 14.1 % så ligg Hyllestad litt over landsgjennomsnittet. Innvandring har vore med på å dempe folketalsnedgangen, og nødvendig for å kunne rekruttere arbeidarar til stillingar særleg innan skipsbygging og helse/omsorg.

Det er ein styrke for kommunen at vi har eit oversiktleg og trygt miljø. Barnehagen og skulen er flinke med integreringsarbeidet. Det er eit overordna mål at Hyllestad skal vere ein god og trygg stad å bu for alle.

Mål:

- at Hyllestad kommune nyttar primært kommunale bustader i Hyllestad sentrum og Leirvik ved busetjing av flyktningar
- at i løpet av ein 3-5 års periode så har flest mogeleg av innvandrane funne seg bustad i den ordinære bustadmarknaden
- at deltakarar i introduksjonsprogrammet raskt skal forstå kva som vert kravd av dei og at dei blir sjølvhjelpne
- at alle innvandrarar opplever å verte tekne godt i mot, og at dei kjenner seg velkomne i Hyllestad
- at kommunen har fokus på god språkopplæring, karriererettleiing og arbeidsretta praksis for flyktningar
- at arbeidsinnvandrarar lærer seg norsk på kveldstid og at fleire vel å etablere seg permanent i Hyllestad

Strategiar

- at kommunen byggjer vidare på Hyllestad opplæringscenter som eit kompetansesenter innan innvandring, opplæring og inkludering
- at senteret driv utviklingsarbeid i samarbeid med NAV og andre aktørar
- at senteret er ansvarleg for gjennomføring av Introduksjonsprogram for flyktningar i tett samarbeid med NAV
- at kommunen har fokus på integrering og inkludering ved å involvere heile kommuneorganisasjonen og frivillig sektor
- at kommunen sikrar at tilsette har nødvendig kompetanse for å kunne imøtekomme dei ulike behova og for å fange opp sentrale utfordringar hjå innvandrarar
- Skape utformelle møteplassar der tilflyttarane vert inkludert
- Legge til rette for deltaking på fritidsaktiviteter for både barn og vaksne

4.2.3 Helse og omsorg

Omtale/vurdering av situasjonen

Folk lever lengre i dag, ikkje minst fordi ein er i stand til å behandle stadig fleire diagnosar som før hadde dårlige prognosar. Ein ser og ei auke i Alzheimer og andre demenslidningar blant stadig yngre pasientar. Samtidig har kommunen som ei konsekvens av samhandlingsreforma og blitt ansvarlig for utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Dette er pasientar som tidlegare vart verande på sjukehus til dei var ferdigbehandla og kunne skrivast ut til eigen heim, men der det no er beslutta at kommunen skal både ta imot, og vere ansvarleg for ferdigbehandlinga. Dette betyr mellom anna at ein del av pasientane er betrakteleg sjukare og har eit større behov for både pleie og rehabilitering enn det som før var vanleg.

På same tid som eldrebølgja brer om seg, så har ein både i Hyllestad og andre utkantkommunar ei utfordring knytt til negativ befolkningsutvikling, barnekulla vert mindre og mindre, og ein opplever fråflytting frå kommunen. Dette gir også auka utfordringar knytt til framtidig arbeidskraft innan tenestene, då rekruttering allereie har vist seg utfordrane.

Ser ein desse punkta samla er det ingen tvil om at presset på helse og omsorgstenester vil auka i åra som kjem. Difor vil rett dimensjonering av framtidige tenester, samt at kommunen støttar opp om, og nyttar tilgjengeleg velferdsteknologi for å i møtekomma nasjonale krav og brukarane sine forventningar, vere avgjerande for om ein klarar å yte forsvarlege og gode tenester også i framtida.

Mål

- Sikre stabil drift av omsorgstenestene med stor grad av faste tilsette også i framtida
- Eit stabilt legetilbod i kommunen, samt vidare drift av helsestasjon og jordmortenestene
- Eit likeverdig helsetilbod for alle innbyggjarar innan både fysisk- og psykisk helse.
- Sikre at den einskilde innbyggjar kan få bu heime lengst mogeleg
- Gi eit tilbod om ein meiningsfull kvardag med aktivitet og mestring til dei som elles ikkje har høve til å komme seg i ordinært arbeid, eller som har andre helsemessige utfordringar.
- Befolkninga har tileigna seg kompetanse, og tek ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet og sunt kosthald.

Strategiar

- Vere aktivt ute og rekruttere, både via formelle kanalar, men og via nettverk. Studentar og andre under utdanning har gitt gode tilbakemeldingar på praksis hos oss, desse må vi jobbe hardare med å få tilbake til oss etter endt utdanning.
- Etablere ein kvalitetsnorm for tenestene innan pleie og omsorg
- Jobbe systematisk med etablering og vedlikehald av rutinar for å sikre kvalitet og effektivisering i det daglege.
- Satse på førebygging og avlastning i heimen mellom anna gjennom eit utvida dagsentertilbod for demente
- Nytte seg av intern kompetanse innan tenestene i større grad enn i dag til beste for brukar og pårørande.
- Utvikle plan for, og jobbe bevisst med habilitering og rehabilitering som tiltak for å halde brukarar lenger heime
- Vere tidleg ute og nytte tilgjengeleg velferdsteknologi som støtte for brukar og pårørande

- Utvikle og vidareføre tilbodet om Aktiv på dagtid som lågterskel aktivitetstilbod
- Stimulere til at frivillige organisasjonar og lokalmiljø må få ei viktig rolle i helse, sosial og omsorgstenestene
- Større satsing på aktivitet som førebygging av livsstils- og aldersrelaterte sjukdommar

4.2.4 Tekniske tenester

Omtale/vurdering av situasjonen

Hyllestad kommune har ein eldre bygningsmasse med stort behov for vedlikehald. Det er og svært kostnadskrevjande å gjere bygga energieffektive. Eldre bygg er stort sett lite fleksible for nye tekniske løysingar. Sjølv med tiltak som har relativt stort potensiale for energieffektivisering, kan det vere vanskeleg å forsvare ut frå eit økonomisk perspektiv.

Eksisterande bygningsmassen, vegnett, røyrnett for VA, kraftforsyning og kommunikasjon er kritisk infrastruktur ved auka ekstremvêr og fleire naturhendingar. Stengte vegar og manglane kommunikasjon er spesielt kritisk. Dei venta klimaendringane vil og auke kostnadane med drift og vedlikehald. Kommunen har ansvar for eit vegnett på om lag 75 km med stort behov for vedlikehald. Mykje av dette er grusveg som er svært sårbar for auka ekstremvær. Det er eit stort etterslep på dei kommunale vegane. Langs dei kommunale vegane og fylkesvegane er det mykje tett vegetasjon som bidreg til dårleg sikt, fare for rotvelt og gir visuelt inntrykk av eit lite ope landskap.

Det kommunale brannvesenet har fått ein del nye samfunnsoppgåver, knytt til samfunnsikkerheit, beredskap og førebygging av brann og kritiske hendingar. Dei nye oppgåvene aukar kravet til kompetanse og utfordrar ressursituasjonen i kommunen. Dei aukar og behovet for eit tett samarbeid med nabokommunane

Kommunen har mange gamle og lite operative fagplanar. Skal desse være styrande for verksemda, er det behov for ei gjennomgang og evaluering av dei. Dette bør skje som ein del av arbeidet med kommuneplanen, slik at det ligg føre konkrete behov for revisjonar som vert bakt inn som del av handlingsprogrammet.

Mål

- Alle nye bygg i kommunen skal skje ved bruk av heiltrekonstruksjonar.
- Ved bygging av nye offentlege bygg, skal det gjennomførast konkrete vurderingar for å ta i bruk best mogleg teknologi for å bygge energieffektivt. Vurdert ut i frå kostnadar i byggefasen og i eit langsiktig perspektiv.
- God standard på kommunal eigedom og tenester

Strategiar

- Forankre kriterier for prioritering av områder med gatelys. Etablere gatelys som del av sentrumsutviklinga. Redusere tal enkeltlyspunkt. Ved utbygging eller oppsetting av nye armatur skal det nyttast LED.
- Fase ut gamle strategiske planar og fase dei inn i kommuneplanen samfunnsdelen.
- Utarbeide langsiktige utviklingsplanar for dei viktigaste grendene/sentra i kommunen
- Sette av årlege investeringsmidlar til opprusting av kommunale vegar og vedlikehald av bygningar.
- Utfase/fornye eldre bygningsmasse og utstyr
- Nytte ekstern fagkompetanse for å finne best moglege løysingar for å oppnå energieffektivitet og robustheit av kommunal eigedom og tenester

4.3 Føringer for utarbeiding av arealdelen

Føremål

Arealdelen til kommuneplanen er eit viktig verktøy for å verkeleggjere dei strategiske vala som er gjort i samfunnsdelen. Samfunnsdelen legg dei samfunnsmessige grunngevingane for arealbruken, og dei behova vi skal materialisere i arealdelen. Arealdelen vert utarbeida i forlenging av samfunnsdelen. For å sikre at arealdelen på best mogleg måte, følgjer opp samfunnsdelen, har vi i dette kapitlet samla og konkretisert tema, føresetnadar og retningslinjer som skal leggjast til grunn for arealplanen.

Omtale/utfordringar/problemstillingar

I gjeldande arealplan ligg det inne store LNF område som gir lite føringer for meir spesifikk arealbruk. Erfaring har vist at vi treng ein arealdel som i større grad tek utgangspunkt i spesifikke behov og konkretiserer arealbruken i ulike område. Det er og behov for å ha ein arealdel som trekker opp langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Spørsmål vi har stilt er:

- Kva har vi av behov for areal til næringsutvikling som bidreg til å dekke behova i næringslivet, og som er lokaliserte utifrå omsynet til den samla samfunnsutviklinga i kommunen?
- Kva for landbruksområde treng vi å sikre for å legge til rette for nye og grønne næringer som er knytte til jordbruk og skogbruk (grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi m.m.)?
- Kva for areal treng for å bidra til ei berekraftig utvikling av fiskeri- og havbruksnæringa og sikre nok areal i kystsoneplanlegginga?
- Kan vi gjennom arealdelen få kunnskap om ulike sider ved arealbruken, som til dømes.:
 - Gjengroing
 - Jordbruksareal som ikkje er i aktiv drift
 - Natur og friluftsområde av lokal og regional verdi
 - Arealbruk i sjø i høve ureiningssituasjonen som grunnlag for framtidig forvaltning

Mål for arealplanen

- Arealplanlegginga skal sikre areal og utvikling av Hyllestad som sentrum
- Arealplanlegginga skal sikre levande grender utan reduksjon av dyrkbar eller dyrka mark.
- Arealplanlegginga skal sikre godt jordvern, god arealdisponering og samtidig styrke senterutviklinga i kommunen
- Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomstar (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) verre. Der det er mogleg skal nye bygg og bruk bidra til at miljømål vert nådd

Konkrete føringer for arealdelen:

- Arealdelen skal konkretisere og avgrense arealbruk knytt til tettstaddanning i Hyllestad sentrum, Sørbøvågen og Leirvik.
- Arealdelen skal ikkje konkretisere større område for spreidd busetnad
- For å redusere talet på dispensasjonssaker, bør ein i arbeidet med arealdelen avklare om nokre område vert satt av til spreidd bustadbygging, til dels i Sørbøvåg.
- Retningslinjer for spreidd busetnad i LNF område. Hovudprinsippa i retningslinjene skal være:
 - Spreidd bustadbygging må skje utan å redusere landbruksareal og drift av landbrukseigedomar

- Bustadbygging av einiskildhus skal som hovudregel ikkje skje på dyrka, dyrkbar mark eller andre verdifulle naturtypar.
 - Bygging av einiskilde bustadar skal være knytt til stadbunden næring
 - Bygging skal ikkje kome i konflikt med verdifulle naturtypar
- Retningsliner for utbygging av fritidsbustadar
 - Ikkje bygge på jordbruksareal jamnfør jordvernstrategi for Sogn og Fjordane
 - Utbygginga skal bygge opp om bustadstrategiane i samfunnsdelen
- Utarbeide temakart som viser samanhengande jordbruksareal som ikkje er i aktiv drift
- Ved å innarbeide gode og framtidsetta områder for akvakultur
- Kulturminna i kommunen må implementerast i arealdelen for å sikre vern.
- I tråd med regional planføresegn skal Hyllestad kommune gjennom kommuneplan eller områderegulering avgrense og definere sentrumsområdet.
- Sentrumsutviklinga skal fylgjast opp ved revidering av områdereguleringsplan for sentrumsområda Hyllestad, Leirvik og Sørbovåg.
- Framtidig planlegging beskyttar økosystemets tilstand og biologiske mangfald.

5. Kommuneplanprosessen

5.1 Informasjon og kommunikasjon

Kommunen vil kommunisere med innbyggerane og andre gjennom på heimeside der all informasjon vert gjort tilgjengeleg. På heimesida vil det og vere mogleg å legge inn kommentarar og innspel til prosessen og arbeidet som vert gjort.

I tillegg vil kommunen kommunisere med ulike grupper og interessentar gjennom førebudde dialogmøte og informasjonsmøte.

5.2 Organisering og medverknad i kommuneplanarbeidet

Arbeidet vert organisert etter ein enkel modell basert på dei styringsliner som alt ligg i kommuneorganisasjonen. Dette er gjort for ikkje å etablere nye og kanskje unødige byråkratiserande ledd, men og for å tydeleggjere ansvaret som ligg i gjeldande organisering i høve planarbeidet.

Rådmannen er administrativ ansvarleg for prosessen og har engasjert eigen prosjektansvarleg til å sikre framdrift og gjennomføring av dei ulike delane av prosessen.


Formannskapet er politisk styringsgruppe for arbeidet og vil nytte dette og som ein politisk drøftingsarena der representant for alle partia i kommunestyret vert invitert inn. Leiargruppa til rådmannen utgjer den interne koordinerings- og samordningsgruppa og skal sikre god kopling til sektorane og dei tilsette. For å jobbe med einskilde sektortema vert det etter behov etablert tidsavgrensa arbeidsgrupper. Til slike grupper vil og eksterne personar bli invitert inn der dette er tenleg.

Internt er det etablert ei arbeidsgruppe med prosjektleiar, plan- og utviklingssjef og ein rådgjevar. Arbeidsgruppa skal støtte opp under prosjektleiar sitt arbeid og sikre intern forankring og kompetansebygging i denne type planarbeid.

Det vert ikkje etablert faste arbeidsgrupper eller referansegrupper med eksterne aktørar.

Dialogen og medverknaden frå regionalt nivå, vil skje gjennom Planforum og dialogmøte etter behov. Kommunen og eksterne aktørar vil kvar for seg kunne spele inn slike behov. Når det gjeld medverknad frå lokalsamfunnet, vil dette skje gjennom dei formelle høyringane av planprogram, planutkast m.m., men og gjennom opne møter og førebudde dialogmøte med næringslivsorganisasjonar, bedrifter, frivillige organisasjonar og grendelag. I tillegg vert det halde eit eige møte med ungdomsrådet i løpet av prosessen for å sikre innspel og tydelege forventningar om utviklinga frå ungdom.

Kommuneplanen spenner over alle samfunnstema og undervegs i prosessen kan det vise seg naudsynt å etablere til dømes arbeidsgrupper for å greie ut, eller kome med framlegg til mål og strategiar innan einskildtema. Slike arbeidsgrupper eller andre midlertidige organisasjonsformer vil bli etablert ved definerte behov.



5.3 Samråd med overordna og regionale mynde

I arbeidet med kommuneplanen vil det bli avdekkta område der kommunen ikkje åleine har verkemiddel for å få gjennomført naudsynte tiltak. Det blir avgjerande at overordna og regional mynde blir aktive deltakarar og kjenner seg forplikta på dei føringane som vert lagt i planarbeidet. Det er difor avgjerande at vi klarar å etablere tidlege og gode prosessar der desse vert involvert og får påverke innhaldet i kommuneplanen.

Kommunen vil nytte Planforum som fellesarenaen i dialogen med overordna og regional mynde i tillegg til dialogmøte med einskildaktørar etter behov og ynskje. Tid og stad for slike møter er ikkje lagt inn som milepålar i framdriftsplanen.

5.4 Samråd med nabokommunar

Drøfting med nabokommunar vert knytt til formelle møter i HAFS regionråd, for å få forankring av felles utfordringar i leiinga til kommunane. I tillegg vil vi bringe arbeidet inn i plannettverket for HAFS/SIS for å få innspel både på utfordringar og problemstillingar, men og på aktuelle strategiar for å møte desse utfordringane.

5.5 Temamøte

For å styrke kunnskapsgrunnlaget for politikarane, administrasjonen og andre bør ein etablere temamøte med faglege innspel til nokre av dei møtetidspunkta som ligg i framdriftsplanen. Døme på eit slikt temamøte kan være knytt til erfaringar frå andre kommunar med å styrke tettstadforminga, for å auke attraktiviteten og styrke busetnaden. Kva er suksessfaktorane og kva effektar kan ein forvente å få av å gjere målretta val om lokalisering av tenester og tiltak? Distriktsenteret har samla kunnskap frå kommunar om dette og vil være aktuelle som innleiarar. Eit anna tema kan være knytt til organisering av næringsutviklingsarbeidet, der ein både ser på erfaringane frå omstillingsprosjektet i Hyllestad og andre erfaringar og evalueringar frå kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. Innhaldet i temamøta kan ein kome tilbake til som ein del av planarbeidet, der ein ser det er særleg viktig å få fram erfaringskunnskap.

5.6 Framdrift

Det var lagt opp til ein stram tidsplan, og at vi undervegs skulle ta stilling til om det var behov for å forskyve heile eller deler av arbeidet. For å sikre god prosess er det viktig at vi no gjer ei slik forskyving og nyttar og våren til arbeidet. Vi vil framleis ha fokus på vilje til ei effektiv planlegging, der ein ikkje gjer planlegginga meir omfattande enn naudsynt. Framdrifta viser dei viktige formelle milepålane med politisk handsaming og formelle møtepunkt i medverknadsprosessen.

Mai - august	Møter med organisasjonar og temamøte(r)	Drøfte innhald, kunnskap og moglege strategiske grep	Temamøte er ikkje konkretisert på tid og innhald. Vil bli drøfta med dei eksterne aktørane
Juni	Kommunestyret	Vedtak av planprogram	
Septem ber - november	Administrativ jobbing	Utarbeide utkast til plan basert på innspel til planprogram	Internt arbeid men og med drøfting med eksterne aktørar
November	Formannskap	Drøfte opplegg for ny kommuneplan og ny framdrift	
13.12	Planforum	Presentasjon av opplegg og utkast til tema og vinkling av plan	Planforum skal ikkje ta stilling til mål og prioriteringar kommunen gjer no, men få høve til å spele inn sine moment dei meiner vi må ha med i ein endeleg plan
10.01-15.02	Arbeid med kommunal sektor	Sikre eigarskap ifrå alle dei kommunale sektorane. Presentera ein samla dokument vidare i prosessen	Oppvekst Helse og omsorg Plan og utvikling
10.01	Sektormøte	Sikre eigarskap og få inn riktige verdiar i kommuneplanen.	Barnehagen
11.01	Sektormøte	Sikre eigarskap og få inn riktige verdiar i kommuneplanen.	Skulen
15.02	Frist for kommunale sektorar	Handsaming av dokument før møter vidare i prosessen	
18.01 – 08.03	Møte med lag, organisasjonar,	Inkludera mest mogleg aktuelle partar i arbeidet.	- Pensjonistlag - Eldreråd

	sektormynde, nabokommunar		- Ungdomsråd - Klimanalyse Politisk prosess
18.01	Klimaanalyse	Kartlegge klimasituasjon i kommunen	Vestlandsforskning
14.02	Møte – Ungdom	Kartlegge ungdommens syn og behov	Ungdomsrådet
27.02	Sektormøte	Kartlegge og synleggjere behov	Helse og omsorg
21.03	Temamøte	Kartlegge og synleggjere dei eldre sine behov	Eldrerådet og Pensjonistlaget
08.03	Politisk prosess	Politisk drøfting av mål og strategiar	Hyllestad kommunestyre
05.04	Sakshandsaming sfrist	Utsending Formannskapet	Plan
12.04	Politisk handsaming	Utlekking av samfunnsdel til offentleg høyring	Hyllestad Formannskap
17.04-29.05	Høyringstid		
22.05	Folkemøte	Kartlegge og synleggjere innbyggjaranes behov	Hyllestad Innbyggjarar
23.05 – 07.06	Administrasjon	Handsaming av merknader etter høyring	Plan
07.06	Administrasjon	Frist for innsending Formannskapet	Plan
(14.06)	Politisk handsaming	Vedtak kommuneplan samfunnsdel	Hyllestad Formannskap.
14.06	Politisk handsaming	Vedtak kommuneplan samfunnsdel	Hyllestad kommunestyre

Vedlegg 1 – Rammer for planarbeidet

1 Føring i planstrategien

Planstrategi for perioden 2016 – 2020 vart vedteke av kommunestyret 26.04.17, med følgjande prioritering:

PLAN	2016	2017	2018	2019	2020
Kommuneplan samfunnsdel					
Kommuneplan arealdel					
Strategisk plan for kysten					

Planstrategien og bakgrunnsstoff med analyser og kunnskapsoversikt finn de ved å gå inn på

<https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/plan-tekniske-tenester-og-byggesak/plan/kommuneplan/planstrategi/>

2 Føringar frå planprogrammet

Utarbeiding av planprogram var fyrste steget i arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Planprogrammet har klargjort føremålet med planarbeidet og avklart rammer og premisser for den vidare prosessen, og belyst opplegg for medverknad. Planprogrammet har og omtalt tema og problemstillingar knytt til dei, som kommunen vil løfte inn i arbeidet med sjølve kommuneplanen.

Planframlegget til ny kommuneplan skal utarbeidast på grunnlag av planprogrammet.

Planprogrammet er tilgjengeleg på heimesida til kommunen, og ligg ikkje som eit eige vedlegg til planen.

3 Nasjonale og regionale føringar

Dei generelle nasjonale føringane til kommunal planlegging og føringane frå fylkeskommunen gjennom regional planstrategi, er omtalt i planstrategien til Hyllestad. Føringane er nytta som grunnlag for å formulere tema og problemstillingar inn i arbeidet med kommuneplanen og vil ikkje bli drøfta nærare her.

Dei viktigaste dokumenta som er nytta for å avklare regionale og nasjonale føringar er:

- [Regional planstrategi 2016 – 2020](#)
- [Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging](#)
- [Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane](#)
- [Strategiplan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029](#)

Vedlegg 2 - Kva lovkrav er det til ein kommuneplan?

2.1 Føremålet med kommuneplanen

Kommuneplan skal være den overordna planen for kommunen, og er definert og omtalt i Plan- og bygningslova (PBL). Føremålet med planen er at den skal ta i vare både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Det heiter av lova at kommuneplanen «*bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen*». Det heiter vidare at den «*skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn*». Av loven heter det at alle kommunar skal ha ein kommuneplan som femner om ein samfunnsdel med ein handlingsdel, og ein arealdel. Til kommuneplanen skal det følgje eit eige handlingsprogram.

Gjennom prosessen med kommuneplan kan det og bli avdekka behov for kommunedelplanar for utvalde område, eller temaplanar for spesifikke tenesteområde. Slike delplanar skal og ha ein handlingsdel som seier korleis vi skal følgje opp planen dei fire neste åra eller meir. Slik lova er no skal handlingsdelen reviderast årleg.

2.2 Lovgrunnlaget

Plan- og bygningslova er styrande for arbeidet med overordna strategisk planlegging i ein kommune. Vi siterer her dei viktige paragrafane for arbeidet med kommuneplan samfunnsdel:

§ 11-1. Kommuneplan

Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.

§ 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

§ 11-3. Virkningen av kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.

Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.

§ 11-12. Oppstart av arbeid med kommuneplan

Kommuneplanen kan utarbeides samlet eller for samfunnsdel og kommuneplanens arealdel hver for seg, jf. §§ 11-2 og 11-5.

Når planarbeid, herunder revisjon av plan, igangsettes, skal berørte offentlige organer og andre interesserte varsles om formål og viktige problemstillinger for planarbeidet. Det skal alltid kunngjøres en melding om dette i minst én avis som er alminnelig lest på stedet, og gjennom elektroniske medier.

§ 11-13. Utarbeiding av planprogram

For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegerer myndigheten i samsvar med kommunelovens regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.

§ 11-14. Høring av planforslag

Forslag til kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn, kunngjøres i minst én avis som er alminnelig lest på stedet og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Fristen for å gi uttalelse og eventuelt å fremme innsigelse til kommuneplanens arealdel skal være minst seks uker.

Av saksframlegget skal det framgå hvordan virkningene av planen og innkomne uttalelser til planforslaget har vært vurdert, og hvilken betydning disse er tillagt ved vedtaket. Det skal også framgå hvordan planen ivaretar nasjonale og regionale hensyn.

§ 11-15. Vedtak av kommuneplan

Kommunestyret selv vedtar kommuneplanen. Dersom kommunestyret vil treffe vedtak om kommuneplanens arealdel som medfører en bruk av arealer som ikke har vært gjenstand for høring under planbehandlingen, må de deler av planen som ønskes endret, tas opp til ny behandling.

Planen skal kunngjøres og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Et eksemplar av planen skal sendes til departementet, fylkesmannen, regional planmyndighet og berørte statlige myndigheter.

Kommunestyrets vedtak om kommuneplan kan ikke påklages.

Vedlegg 3 – Plan- og styringssystemet til kommunen


3.1 Innleiing

For styring av arbeidet med tenesteproduksjon og samfunnsutvikling treng kommunen eit heilskapleg plan- og styringssystem der planhierarkiet er ein viktig del av dette.

Overordna planar skal leggjast til grunn for nye temaplanar, arealplanar, revisjon av planar og prioritering i gjennomføring av gjeldande planar på alle nivå.

I utforming av kommuneplanen blir det difor viktig å gjere dette ut frå eit mål om å redusere unødige plannivå og sikre eit effektivt og godt heilskapleg styringsverktøy.

3.2 Planhierarkiet



Vedlegg 4 - Kunnskapsgrunnlaget

4.1 Innleiing

Det er utarbeida fleire analyser for ulike tema, delvis før og delvis undervegs i planarbeidet.

Dei ulike analysane ligg ikkje fysisk ved plandokumentet som vedlegg, men ligg som sjølvstendige dokument. Nedanfor er det gitt ei oversikt over dei ulike analysane, med link til dokumenta.

4.2 Samfunnsanalyse

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeida nokre [SPESIALANALYSER HYLLESTAD](#).
Analysane viser tall og figurar for desse tema:

1. Innanlandsk flytting – Hyllestad kommune 2008 – 2016
2. Sysselsette personar etter arbeidsstad
3. Reisetidskart med utgangspunkt Hyllestad sentrum
4. Folketalsendringar etter grunnkretsar

4.3 Klima

Kommunen er med som ein av fleire pilotkommune i fylket, for å styrke arbeidet med klimaomstilling og det grønne skifte, i kommuneplanarbeidet. Pilotarbeidet skjer i eit samarbeid med Vestlandsforskning som utarbeider og kvalitetssikrar det faglege fundamentet. Fylkeskommunen arbeider parallelt med ein regional plan for kultur. Kunnskapsgrunnlaget er felles og ligg i eit arbeidsdokument som er under utvikling. Dette ser p.t. slik ut:
«[Regional plan for klimaomstilling – Dei viktigaste utfordringane](#)».

4.4 Folkehelse

Helse og omsorgssektoren i Hyllestad har utarbeida «[Notat om folkehelse i Hyllestad](#)», datert 30.01.17. Notatet vart utarbeida som del av arbeidet med den kommunale planstrategien.

4.5 ROS - analyse

Vestlandsforskning har utarbeida ein modell for «[Risiko og sårbarhetsanalyse med vekt på klimaendringene. Klima-ROS et nyttig verktøy for kommunene](#)».



Hyllestad
kommune

Lifjordvegen 7
Kommunehuset
6957 HYLLESTAD

www.hyllestad.kommune.no

juni 2018